

Sak 26-20 Presentasjon av RBM-19 og Norfakta sin spørjeundersøking.

Tilråding til vedtak:

Styret tek rapportane i saka til orientering, og ber om at vurderingane som kjem fram på møtet vert tatt med ved utarbeiding av strategi-, økonomiplan og årsbudsjett 2021.

Saksutgreiing:


Det vert ein presentasjon av RBM-19 (renovasjonsbenchmarking 2019) og Norfakta sin spørjeundersøking.

RBM-19 er ei analyse av prestasjonane til 39 interkommunale avfallsselskap i samanlikning med kvarandre for 2019. Samanlikninga vert kombinert med ei standardisert spørjeundersøking utført av Norfakta blant eit representativt utval innbyggjarar. For VØR er det ca. 200 som har vore med i undersøkinga.

Undersøkinga går i regi av Avfall Norge og vert utført av Energidata AS. VØR var og med i 2017. RBM-19 er ei samanlikning med 39 andre avfallselskap i Noreg. I praksis dei aller fleste med unntak av dei store Oslo Ren, IVAR (Stavanger-regionen), BIR (Bergensområdet) og TRV (Trondheim).

Det ligg i dag føre resultat frå 30 av 39 deltakande selskap i undersøkinga, så det manglar fortsatt ein del på at rapporten er komplett. Vi håper at den endelege er klar til styremøtet, også samanlikninga mellom RIR, Årim og VØR som var grunnen til at vi var med i år.

Når rapportane er ferdig, vert dei publiserte på heimesidene våre på vanleg måte.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar